

CVK-spiss, bakteriologisk dyrking

Analysemetode

Bakteriologisk dyrking, Makis metode

Indikasjon

- Mistanke om kateter-relatert sepsis
- Teikn til infeksjon ved innstikkstaden
- Sepsis utan kjent årsak

Prøvetaking

Kateterspissen fjernast med aseptisk teknikk, etter huddesinfeksjon med 70 % alkohol (som er tørka heilt inn). Fem cm. klippast av med steril saks, og sendast i steril container utan tilsetnad.

Prøvetakingsutstyr

Steril container utan tilsetjing



Oppbevaring før transport

I kjøleskap.

Haldbarheit

2 døgn. Eldre prøvar kommenterast i svar.

Vurdering i laboratoriet

Semikvantitativ dyrking etter Makis metode. Denne har ein estimert sensitivitet på 85 %, men lavare spesifisitet. Positiv semikvantitativ dyrking saman med positiv blodkultur (med same mikrobe) vil understøtte diagnosen kateter-relatert sepsis.

Forventa analysetid

5 dagar.

Feilkjelder

Kateterspissar som er sendt inn på transportmedium eller sterilt saltvatn kan ikkje dyrkast.

Utførast av

Bakteriologisk fagområde

Fagområde

Bakteriologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

11.10.2016 Gro Øren